



Marit Inga (10A) og Ørjan (10B) var glade for påskjøninga. Dei har vore trufaste mot nynorsken

Kvart år deler Kvinnherad Mållag ut 2 prisar på 500 kroner til elevar i 10. klasse ved Rosendal Ungdomsskule som har vore gode og stødige nynorskbrukarar gjennom tida på skulen.

Utdelinga fann stad under avslutninga på skuleåret i Samfunnshuset i går kveld og i år var det 16-åringane Marit Inga Traavik Sture frå Uskedalen og Ørjan Øvsthus frå Omvikedalen som vart påskjønta. Det var Arne Sunde frå mållaget som møtte og overrekte prisane.

Det er ikkje lenge sidan Marit Inga var i ei hovudrolle under den store danseframføringa på Husnes så her er det dekning for å rose henne for stor allsidigheit.

Også fleire andre uskedelingar gjorde seg sterkt gjeldande i eit engasjerande og heilstøpt program. Til dømes song Birte Nybakk country - ein song som heiter Dear John - og ho imponerte nok ein gong med sitt talent.

Katrine Yri Røssland presenterte lærarane på muntert vis mot slutten av arrangementet som hadde samla svært mange foreldre og slektningar, også frå Uskedalen.

Mange godord vart sagt om ein skule som no er i ferd med å bli ny etter det som fleire karakteriserte som eit flott og utfordrande år.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Utdelinga av vitnemål er i gang og her er det uskedelingen Katrine Yri Røsland som får sitt.